



På Lillehammer denne veka: Lars Wang og Tor Arne E. Nygård.(Foto: Grenda)

Bussjåfør og uskedeling Lars Wang, busett i Neslia, er denne veka på Lillehammer saman med kollega Tor Arne Eik Nygård. Bakgrunnen for dette er at Ungdoms-OL vert arrangert på Lillehammer no, og i samband med dette har Tide Buss i Kvinnherad sendt to bussar dit for å hjelpa til med transportoppdrag.

Før avreise laurdag fortalde dei to bussjåførane til Grenda at dei skal hjelpa til med å køyra elavar frå vidaregåande skular og ungdomsskular til dei ulike OL-arrangementa. Desse transportoppdraga starta mandag, og totalt har Tide sendt 10 bussar til Lillehammer i samband med Ungdoms-OL.

Ein annan kar som er velkjend i Uskedalen, er også involvert i det store arrangementet på Lillehammer. Det er Eirik Nordal som vi mellom anna kjenner som tilsett ved Kvinnherad Vekstbedrift. Idrettsinteresserte Eirik er med som firvillig, og han får nok mange flotte opplevingar gjennom det arbeidet som ein del av 'Opening Ceremony Crew' saman med mellom anna onkelen Øyvind Nordal.



Eirik Nordal i kleda som dei frivillige får utdelt.(Foto: Kvinnheringen)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.